

Vedlegg til søknad om støtte til restaurering av stølen i Kupa G.nr

Historikk

I Kupa har bruk 1 og bruk 2 hatt stølsdrift frå ein gong i 1860 eller 1870-åra. Stølane stod opphavleg litt lenger vest, men det vert sagt at eit ras tok husa mot slutten av 1800-tallet. Husa vart bygd opp att i 1892. Selet vårt ber tydelege spor av at tømmeret har vore brukt før, og det syns å vera bygd eit laftelag høgare siste gongen.

Kupestølen ligg vanskeleg tilgjengeleg, og det har, av den grunn, i hovudsak vore drive med geit og osteproduksjon her. Men det er også laga ein veg opp der det var mogleg å ta med kyr, kanskje gjekk også kyremjølka med til osteproduksjon, då denne produksjonen reduserte vekta av stølsprodukta, til eit minimum. I tilknytning til selet vårt var det ei stor gruva til ostekoking, denne gruva er også restaurert. Det var drift på stølen fram til 1948.

Etter at drifta vart lagt ned i 1948 har stølen stått open, og vore svært lite brukt av tidlegare grunneigar, og den har ikkje vore lagt til rette for bruk, som fritidsbustad. Men om ein les alle inskripsjonane på veggane i selet, ser ein at det er mange masfjordingar som har søkt ly her, og overnatta her, på turar i dette vakre og ville fjell-landskapet.

Men stølen har ikkje berre kulturhistorisk verdi, den har også krigshistorisk interesse. Kupestølen var innkvartering og base til Bjørn West i fjellet, og dei feira jula i 1944 på denne stølen. I samanheng med restaurering av grunnmurane vart det funne mange tomhylser datert i åra før eller under krigen, både etter rifleskot og pistolskot. Bjørn West museet har og brukt bilete frå Kupa under krigen på flygeblad.

Det er og verdt å merka seg at område der som Kupa ligg, ikkje er påverka av infrastruktur. Område er definert som urørt utmark. Definisjonen på det, er at område skal ha ein avstand til næraste infrastruktur på 5km. Med infrastruktur meiner ein: vegar, busetnad, regulerte vatn, høgspenlinjer og liknande. I heile Sør-Noreg ser det ut som det berre er ein og annan "flekk" pluss delar av Hardangervidda, som er innafor det som vert definert som urørt utmark.

Utgangspunkt for restaurering

I tillegg til historisk verdi og stor interesse for seterliv med familie, var det også eit praktisk ynskje å få restaurert Kupesetra. Ettersom me har starta opp at med sauedrift på garden på Kjetland, og Kupestølen ligg i beste fjellbeiteområde, såg me det som svært nyttig å ha ein base med omsyn til tilsyn og sanking. Sjansen for at sauene heldt seg rundt det området, og ikkje fer på "ville vegar" er og betydeleg større.

Etter at drifta på stølen vart lagt ned, stod stølen til forfalls i mange år. Det vart etter kvart lagt aluminiumsplater på taket på sjølve selet, og mange år etter dette vart tømmerveggane, som alt då hadde mykje røteskadar, kledd opp med ny kledning. Skotet eller utselet vart det derimot ikkje gjort noko med, og her var det ikkje noko treverk att då me byrja å vurdera restaurering.

Grunnmurane var i dårleg forfatning. Grunnmuren mot vest var rast heilt saman under selet, og i skotet hadde fundamenteringa (på leire) svikta både i muren mot vest, og delvis i muren mot nord.

Mange andre stadar var det også fundamenteringssvikt og skadar i toppen av muren. Den store gruva hadde sige i det eine hjørna, og steinen i skorsteinen var dårleg etter mykje frostsprenging.

Tømmerveggane i selet var prega av store røteskadar, spesielt i dei nedste stokkane og under vindauga. I nordaustre hjørna av selet kunne ein stikka handa ut mellom dei to nedste stokkane, og i sydvestre hjørna var stokkane så røtne i endane, at det ikkje lenger var noko binding av betydning mellom syd- og vestvegg. Det var tydeleg, at tømmerveggane ikkje lenger kunne fungera, som berande konstruksjon for selet.

Golvbjelkar og golvbord var og kraftig røteskadd, men mest i endane slik at nokon delar av golvet kunne brukast i restaureringsarbeidet. I skotet låg det delvis steinheller, mange av dei var knust, og delvis var det jordgolv.

Utgangspunktet for restaureringsarbeidet var difor usikkert, om det i det heile teke var mogleg å få til noko, av verdi.

Me planla difor restaureringsprosjektet i to fasar, restaurering av grunnmurar og fundamentering, samt ei ny ramma under heile selet sommaren 2015. Dersom dette vart vellukka, ville me starta restaurering av selet og oppattbygging av skotet sommaren 2016.

Arbeidsomfang

Det fyrste som vart gjort for å sjekka om restaurering av selet var mogleg, var å jekka det opp og leggja ei ny ramma under botnstokkane. Botnstokkane var altfor dårleg til at me kunne plassera jekkar under desse, difor vart det skrudd midlertidige stender på tømmeret og jekkane vart plassert under desse. Dette arbeidet var vellukka, og me kunne ta vekk og bygga opp att grunnmuren under selet, medan selet kvilte på midlertidige støtter.

Heile grunnmuren mot vest vart teken heilt ned, og mura opp att, mot hjørna går den langt under bakkenivå og er fundamentert på leira.

Ute i skotet var den tidlegare muren mura rett på jordmassane, med mykje svartjord under. All svartjord og det øvste leirlaget vart fjerna i ei breidd på over ein meter, og mura opp att. Før gjekk vestmuren i skotet ca. 80 cm over golvet, men då det no gjekk mykje meir stein for å erstatte den svartjorda og leira som var teke vekk, var det ikkje stein til meir enn 30 cm over golvnivå. All brukbar stein i nærleiken har vorte nytta tidlegare, og det var difor ikkje realistisk å finna nok stein til å få muren opp i same nivå som før.

Den store gruva som var bygd saman med grunnmur/mur i mot aust hadde sige litt, ca. 10 cm, i hjørna mot sørvest. Mykje av steinen i skorsteinen, mykje tynn skiferstein, var sprukke og dårleg etter frostsprenging. For å kunna ta vare på mogleg av gruva og skorsteinen, bestemte me oss for å ta vekk øvste delen av skorsteinen, og la taket gå utover størstedelen av gruva. Då oppnådde me at vekt vart redusert, slik at siginga av gruva vart redusert, og kanskje stoppa, og at attverande stein framover ikkje vert utsett for frostsprenging.. Skorsteinsløpet vart ført gjennom taket i ein ny skorsteinsløysing i rustfritt stål, slik at gruva fortsett kan brukast. Dette førte til at vestveggen og taket vart litt lengre enn kva det opphavleg var, medan austveggen har same lengde som før.

Golvet i skotet vart teke heilt opp, planert, og steinheller vart lagt i heile golvet, delvis dei hellene som hadde vore der frå før, men og nye som vart funne i området og rulla fram.

Muren i skotet mot aust var litt skada i toppen. Denne vart reparert og mura opp att i full opphavleg høgde.

På oppsida av stølen vart det laga ny grøft, for å stoppa overflatevatn frå å renna rett inn i grunnmurane.

Når det gjeld restaurering av sjølve bygningane, har det vore ein balansegang mellom å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege materiala, av den opphavlege byggeskikken, stølsstilen, spesielt utvendig utsjånad, og det å tilpassa bygningane innvendig til ein praktisk bruk, i samsvar med notidas krav.

Selet kviler no på ein ny, kraftig trykkimpregnert ramma. Det er sett nye stender på denne ramma, og kvar einaste tømmerstokk i veggane er skrudd fast til stenderne, slik at tømmeret no eigentleg er innvendig panel, på den nye berekonstruksjonen. Alle stokkar med store røteskadde parti innvendig i selet, er bytta ut med dei beste golvborda, bord frå dei gamle sengene, og den gamle døra (som ikkje kunne brukast då den var røten nedst). Alle mindre røteskadde parti i tømmerveggane er lappa med tilsvarende material. Alle veggjar innvendig, bortsett frå ny dør, nye vindaug og lister, kjem difor frå opphavlege material i selet.

Taket innvendig i selet er originalt, men det er lagt nye sperr over dei gamle og nytt sutak på desse. Den nye takkonstruksjonen fungerer på same måte som den gamle, så kalla «stiv tro». Mellom opningane i dei originale sutakborda er det lagt never på oversida, slik at det sett frå innsida ser ut som om det originale nevertaket ligg der.

Heile selet er isolert og er helt vind- og musetett. Det er asfaltplater på veggane og harde huntonittplater i undergolvet. Som takbelegg er det fyrst lagt ein kraftig, heildekkande PVC-duk, underlagsplata for torv (knotteplast) oppå denne, og torv/lyng i toppen.

For å ta vare på utsjånaden er det nytta vindaug av same storleik som dei originale. Desse er relativt små og gjer lite lys innvendig. For å bøta på dette, er det sett inn eit takvindauga i selet, og eit i skotet. Erfaring viser at dette er mykje betre enn å auka storleiken på vindauga, både med omsyn til utsjånad, og med omsyn til lysforholda inne.

Med unntak av omnen med geitemotiv, er alt inventar heimelaga i ein stil som me meiner passar i dette miljøet. Dette gjeld ein liten kjøkkenseksjon, ein liten kommode, to stølskrakkar, hyller og dør også sengene, fire stykk, som er kombinert med ei sofaløysing. Det er brukt luta furu i mesteparten, men bjørkegreiner i detaljar som hylleknektar og skuffehandtak. Ingenting er mala eller lakkert. Golv-, vindaugs- og dørlister har tilnærma same profil som dei originale.

I skotet er alt nytt og dette har difor krevd mykje mindre arbeidsinnsats. Taket er også her bygd etter prinsippet med stiv tro, men då det vart litt lenger enn ein vanleg stølsbygning, la me også inn ein kraftig bjørnerygg. Rommet er dominert av gruva som går frå golv til tak, og den flotte gråsteinsmuren i austveggen. Vestveggen er kledd med furupanel. Taket er isolert for å forhindra kondens i periodar med mildvær, kombinert med snø på taket. Til sommaren skal det lagast ein liten kjøkkenseksjon i skotet, til bruk sommarstid.

Taket i skotet var tidlegare litt lågare enn taket i selet. Det vart valt å la det nye taket ha same høgde heile vegen, både av praktiske årsaker, og av omsyn til å ta vare på mest mogleg av gruva med skorstein.

På bilda ser ein at det ligg mykje materiale, utstyr og verktøy i skotet. Dette skal brukast til å setja opp att utedoen til sommaren. Utedoen vil og innhalda litt plass til verktøy og utstyr slik at ein kan halda det ryddig i skotet.

Gjennomføring

Alt stein- og grunnarbeid vart gjort ferdig sommaren 2015. Dette var det tyngste arbeidet, og det var regnvær stort sett heile arbeidsperioden.

Vinteren 2015/2016 vart attståande del av prosjektet detaljplanlagt, alle innkjøp vart føreteke, prefabrikkering av alt inventar vart gjort unna, tømmer vart hogd, saga og høvla og alt vart pakket klart for helikoptertransport.

Sist sommar var det arbeid på prosjektet i Kupa nesten kontinuerleg frå 12. mai, fram til midten av oktober. Me var heldige med været i starten, og fekk tett tak både på selet og skotet relativt raskt.

Me fekk låna stølen til Albert Kjetland i heile byggefasen, så me hadde det relativt komfortabelt. Alt utstyr, og mykje av dei meir ømfintlege materiala vart lagra i eit enkelt, men stort lagertelt, laga av presenningar og material, som skal verta brukt i utedoen no til sommaren.

Eg har arbeidd så mykje eg har kunna, utover jobben min i BKK, drifta av garden og familieliv. Men eg var heldig og fekk Ingvar Vik interessert i prosjektet, han har vore med og restaurert tre stølar i Masfjorden tidlegare. Ingvar er bygningskyndig og har og mykje erfaring med restaurering av gamle hus over lang tid. Saman har me fått realisert ynskje om å få opp att stølen.

Arbeidsinnsats og andre kostnader

Arbeidsinnsats:

Planlegging, innkjøp, pakking	-	200 timer 'a 100kr = <u>20.000,-</u>
Prefabrikkering 2015 og 2016	-	300 timer 'a 100kr = <u>30.000,-</u>
Grunnarbeid sommar 2015	-	700 timer 'a 100kr = <u>70.000,-</u>
Bygging sommar 2016	-	800 timar 'a 100kr = <u>80.000,-</u>

Kostnader:

Innkjøp	-	<u>120.000,-</u>
Transport. Bil og helikopter	-	<u>60.000,-</u>
Verdi av eigenproduserte materialer	-	<u>30.000,-</u>

Sum: - **410.000,-**

Kjetland 10. mars 2017

Åsmund Kjetland